

# Bygger framtidas trålar

**Solstrand AS skal bygge den nye supertrålareren til Olympic. For 270 millionar kroner får reieren frå Herøy ei kloning av ulike spesialskip.**

**VERFT.** – Vi tek med oss røyntene frå fiskeri, forskning og offshore. Det blir sett ein ny standard for den havgåande trålarflåten, seier Stig Remøy til Sunnmørsposten.

Den moderne «fleirfunksjonelle hekktrålareren» av type ST-118 er teikna av Skipsteknisk AS i Ålesund. Han vert heile 16 meter brei og 73,8 meter lang og blir bygd etter standarden Clean Design. Dette er ein standard som til no har vore mest vanleg innanfor moderne offshorefarty. Det er tatt omsyn til ny leiteteknologi og til tryggleik. Mindre oljeforbruk gir mindre CO<sub>2</sub>-utslepp, og ny reinseteknologi reduserer NO<sub>x</sub>-utsleppa med 95 prosent i høve til dagens utsleppsstandard.

**Mindre utslepp.** – Det blir økonomi ut av slikt, mindre energiforbruk og null NO<sub>x</sub>-avgift, seier Remøy, som understrekar at nettopp omsynet til miljøet er viktig. Det er i tillegg laga løysingar for støydemping som gjer det meir attraktivt for dei til saman 40 personane som kan arbeide om bord. Det blir også mindre støy av sjøve

båten. Remøy trur miljøet om bord vil trekkje til seg dei sjøfolka som ønskjer å arbeide i fiskeri, og han trur ikkje det skal bli vanskeleg å få mannskap til båten.

Den nye supertrålareren vert det første havfiskefartyet i verda som har to senkekjøl. Desse kjølane gjer fartyet betre i stand til å hente opp langt meir data enn det skrogmontert leiteteknologi gjer. Berre dei mest avanserte havforskningsfartya har slik senkekjøl.

**Lang planlegging.** Den nye trålareren skal leverast i mars 2010. Skroget blir truleg bygd i Portugal, medan all utrusting vil finne stad på det Havila-eigde Solstrand AS i Tomrefjord. Stig Remøy seier til Sunnmørsposten at dei gjekk mange rundar med seg sjølv og utviklarane før dei kom fram til den fleksible løysinga dei har landa på. Planlegginga starta allereie for 2 1/2 år sidan.

Olympic Shipping vil med det nye fartyet ha 20 skip. Solstrand verft har fullt opp å gjere til våren 2010. Ein må i stor grad nytte seg av utanlandske arbeidarar for å kome i mål.

JOHAN BEHRENTZ  
johan.behrentz@smp.no